



Glissent med publikum men fullt på scena – slik vil vi hugste Songartreffen på Husnes laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det kan ikkje vera nokon tvil om at dirigent Maria Malmsten og Røysterett for alle stjal showet under det lokale songertreffet for sju kor på Husnes laurdag. Uskedalskoret sette eit punktum som ein vil hugsa – ikkje minst med "Då Daniel drog" og tilknytta, festleg tablå.

Og då Maria etterpå var dirigent for alle dei rundt 150 songarane i 'Jonsokkvelden' av Jakob Sande, var det som om taket lyfta seg i kinosalen sjølv om det berre var 100 tilhøyrarar til stades i tillegg til songarane sjølv. Berre litt synd at felleskoret ikkje hadde nokon annan utveg enn å syngja 'Jonsokkvelden' ein gong til då publikumskravet om ekstranummer kom. Då hadde det gjort seg med ein av Beatles-melodiane som Røysterett for alle er spesialist på og som dei baud på under den stilige songarfesten etterpå.

Apropos frammøtet: Det var ikkje grunn til å vera spesielt imponert over det og nok ein gong har ein utanforståande grunn til å spørja: Korleis står det eigentleg til med kultur-interessa på Husnes? Eller er publikums-svikt nok eingong resultatet av overføring?

Vi vil hevda at oppslutnaden hadde vore mykje større om arrangementet hadde vore lagt til Aktivitetshuset i Uskedalen. Sist vår møtte det til dømes 250 fram under eit liknande felles-opplegg der.

Under 'Vårsprett', som det var kalla, var det song av mellom andre Rosendal Songlag - leia av oddingen Dagfinn Reinertsen. Laurdag hadde vi venta oss meir av dette tidlegare så gode koret, sjølv om framføringa av 'Gabriellas sang' var krevjande og vakker.

Gjestekoret 'Strandvik Blandakor' frå Fusa var tru mot tradisjonane. Dei sang mellom anna 'Fram då frendar' som var koret sitt første nummer ved starten i 1941. Men korleis vart det oppfatta av nazistystyresmaktene den gongen? Syngjelen frå Mauranger dirigert av Roald Haustveit frå Ullensvang tvilte seg til deltaking i Husnes-treffet og gjorde rett. Det er imponerende at det er mogleg å halda eit kor gåande i ein så grisgrendt del av Kvinnherad. Eit kor som kalla fram superlativene mellom benkeradene var Kammerskoret leia av Eli Haugan. Det svinga skikkeleg både av 'Blue Moon', 'Over the rainbow' og 'Tea for two'.

Husnes Mannskor som Tove Enes Vaage leiar treng treng derimot å øva litt meir, mellom anna på folkemelodien 'Shennendoa'.

Husnes Blandakor, arrangør saman med Røysterett for alle, fortente derimot den applausen dei fekk, særleg for Bellmanns meisterverk 'Kåraste brøder'.

Men trampeklapp vart det først då Røysterett for alle kom på scena. Som vi har vore inne på før, har Maria Malmsten allereie gjort eit storverk med koret. No tør dei mange gode songarane der verkeleg å sleppa seg laus og syne kva dei kan. Her er det lagt for dagen songpedagogikk på sitt beste!

Frode Kaldestads piano-støtte var og ein viktig del av ein imponerende heilskap prega av dynamikk og presisjon. Det vart ein long, men minnerik dag for songarane. Først 'busk-song' dei på tre stader, så konserten og til slutt songarfesten i Husnes Kulturhus. Der var og fleire av kora i aksjon og i tillegg kom Sunde-gutane, sin sjarmerande gjeng som har potensiale til å drive det til noko.

Dei to arrangerande kora har all ære av ei straumlinja og godt opplegg.

Og neste gong får vi kanskje oppleve det i Uskedalen? Det er vi som har grepet om publikum!

Av Ola Matti Mathisen